



Nynorsk kultursentrum

## Vedtaksprotokoll styremøte i Nynorsk kultursentrum

Torsdag 15. oktober kl. 11.00–15.00 i Ivar Aasen-tunet/digitalt

Til stades: Lodve Solholm, Amela Koluder (digitalt), Hilde L. Bjørnsvik, Sæbjørn Forberg, Janne Nygård (digitalt), Jørn Øyrehagen Sunde (digitalt) og Siri Beate Gjerde. Per Halse var til stades som observatør.

*Frå administrasjonen deltok Per Magnus Finnanger Sandsmark (unnateke sak 49), Maria Fet (sak 25–27), Kristian W. Rantala (sak 29), Gaute Øvereng (sak 30–32) og Stina Aasen Lødemel (sak 33).*

### 25/20 Innkalling og sakliste

#### Vedtak

Innkallinga og saklista er godkjende.

### 26/20 Namn og namnebruk

#### Vedtak

Namna på avdelinga i Nynorsk kultursentrum vert:

Norsk	Engelsk
Aasentunet og Festspela	Aasen Language Museum and Festival
Haugesenteret og Poesifestivalen	Hauge Poetry Museum and Festival
Vinjesenteret og Litteraturdagane	Vinje Journalism and Fiction Museum and Festival

Namnet på stiftinga vert avgjort i eiga sak i neste styremøte.

### 27/20 Oppfølging av kommunikasjonsplan

#### Vedtak

Direktør tek med seg innspela frå styret i vidare arbeid fram til han fastset visuell profil hausten 2020.

### 28/20 Vedtektsendring

#### Vedtak

Ny § 1 vert som skrive under (under føresetnad av godkjenning av Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet). Namnet vert votert over neste styremøte, og først då send til godkjenning av Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet.

#### § 1

Namnet på organisasjonen er Nynorsk kultursentrum, musea for nynorsk skriftkultur. Det engelske namnet er The Norwegian Museum of Written Culture.

Hovudsetet er i Ørsta.

Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitenskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitnet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forskning, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.

Stiftinga kan drive og ta opp i seg museum og vitesenter, digitale tenester og andre vitenskaplege og kulturfaglege tiltak som er med og oppfyller føremålet.

Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga samarbeide nasjonalt og internasjonalt med vitenskaplege og kulturfaglege institusjonar

Stiftinga skal arbeide i tråd med ICOMs museumsetiske regelverk.

### **29/20 Driftsmodell, Vinje**

#### Vedtak

Direktøren tek med seg innspela frå styret til utarbeiding av budsjett for 2021. Vinjestoga er berre ope i sommarsesong frå og med opning av museet.

### **30/20 Rekneskap januar–august og prognose**

#### Vedtak

Styret tek rekneskapen januar–august og prognosen for 2020 til vitende.

### **31/20 Evaluering 2019 og søknad 2022 til Kulturdepartementet**

#### Vedtak

Direktøren tek med seg innspela frå styret i vidare arbeid med søknad for 2022.

### **32/20 Strategi og intern organisering: status**

#### Vedtak

Styret tok informasjonen til vitende.

### **33/20 Oppfølging av vedtak om leksikondrift**

#### Vedtak

Styret sluttar seg til føreslegne løysingar frå administrasjonen.

### **34/20 Byggjeprojekt, Ivar Aasen-tunet**

#### Vedtak

Styret avsluttar arbeidet med tilbygg til Aasen-tunet no. Styreleiar og direktør varslar Musea på Sunnmøre om dette.

### **35/20 Samarbeidsavtale Olav H. Hauge-stiftinga**

#### Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum ønskjer å forvalte, formidle og forstå på Olav H. Hauge-samlingane, og at desse skal vere lokaliserte i Ulvik.
2. Nynorsk kultursentrum ønskjer ei ubyråkratisk, effektiv og fagleg tung forvaltning av Hauge-samlingane.
3. Administrasjonen førebur grunnlaget for vidare forhandlingar om samarbeidsavtale.

### **36/20 Evaluering av direktør og forhandlingar om løns- og arbeidsavtale**

#### Vedtak

Styret innfrir lønskravet som gir samla årsløn til 950 000 kr frå 1.8.2020 og er samde om å føye ønsket om å dekkje kostnader og tid til eventuell leiarutdanning til i arbeidsavtalen.

### **37/20 Møteplan 2021**

#### Vedtak

Styret sluttar seg til framlegg til møteplan

Styreleiar og direktør kjem med attende om ekstraordinært møte tidleg i november.

### **38/20 Orienteringssaker**

#### Vedtak

Styret tek orienteringssakene til orientering.